



Statsforvalteren

i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus

Vår dato:

27.05.2026

Vår ref:

2022/5529

Dykkar dato:

Dykkar ref:

ÅL KOMMUNE

Torget 1

3570 ÅL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Irene Tronrud,

Tilbakemelding på eigenkontrollrapport for avløpssektoren for rapporteringsåret 2025 - Ål kommune

Ål kommune har ikkje avvik frå krav i løyvet eller forureiningsregelverket i rapporteringsåret 2025.

Vi tek eigenkontrollrapporten og årsrapporten til etterretning.

Ål kommune skal betale eit gebyr på 5 300 kroner for vårt arbeid med eigenkontrollrapporten. Miljødirektoratet vil ettersende faktura.

Rapporteringsskjema for 2026 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2027.

Vi viser til eigenkontrollrapport og årsrapport for Ål kommune sitt avløpsnett og Sundre avløpsreinseanlegg.

Avløpsnett til Sundre avløpsreinseanlegg

Ål kommune rapporterer at det er 2 818 innbyggjarar og 122 fritidsbustader tilknytt avløpsnettet i 2025. Dette er ei lita auke i talet innbyggjarar samanlikna med det som vart rapportert i 2024, medan talet fritidsbustader er likt. Vidare rapporterer kommunen i årsrapporteringsskjemaet om at seks abonnentar har vorte tilknytt i 2025.

Ål kommune har rapportert at avløpsnettet til Sundre avløpsreinseanlegg har 16 installerte nødoverløp og ingen installerte regnvatnoverløp. De har berekna at 10 m³ ureinsa avløpsvatn og 0,06 kg fosfor vart sleppt ut i Hallingdalselva ved overløp på avløpsnettet i 2025. Dette er ein stor reduksjon samanlikna med fjoråret, då de rapporterte at 5 184 m³ ureinsa avløpsvatn og 10,4 kg fosfor vart sleppt ut ved overløp på avløpsnettet.

I skjemaet for årsrapportering legg Statsforvalteren til grunn at kommunen vurderer verknadsgraden på avløpsnettet til å vere 100 %. Vi vil peike på at utrekninga som er oppgitt i rapporten ikkje gir eit reelt bilete av avløpsnettets verknadsgrad. Dette kjem av at berekninga berre

E-postadresse:
sfospost@statsforvalteren.no

Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Pb 325
1502 Moss

Besøksadresse:
Moss: Vogts gate 17
Drammen: Dr. Hansteinsgate 9
Oslo: Stensberggata 27

Telefon: 69 24 70 00
www.statsforvalteren.no/os
Org.nr. 974 761 319



omfattar utslepp frå overløp ved pumpestasjonar, og ikkje andre moglege kjelder til tap frå avløpsnettet. Det er vidare rapportert at om lag 0 % av den totale tilførte vassmengda i tettstaden blei sleppt ut via driftsoverløp i 2025.

Statsforvaltaren informerer i denne samanhengen om at vi i dei nye løyva våre stiller krav om at kommunane skal ha oversikt over verknadsgrad og driftsoverløp. Utslepp på grunn av feil ved leidningsnettet, stans i pumpestasjonar og liknande ikkje skal redusere verknadsgraden i avløpsnettet med meir enn 5 % i ein tidsperiode, og deretter maksimalt 3 % over året. Utslepp av ureinsa avløpsvatn er uønskt, og frå og med eit gitt årstal skal den samla mengda utslepp via driftsoverløp gjennom året ikkje vere over 2 %.

I årets rapporteringsskjema har Statsforvaltaren inkludert spørsmål om berekna/estimert verknadsgrad og vassmengd sleppt ut via driftsoverløp. Det finst per i dag ingen standard metode for å berekne verknadsgrad. Vi brukar difor årets rapportering til å samle inn data for å få betre oversikt over omfanget av overløpsutslepp og lekkasjar, samt vurdere om kommunane kan berekne verknadsgrad på ein nyttig måte. Kravet til delen driftsoverløp skal bidra til å redusere bruken av overløp og stimulere til oppgradering av leidningsnettet. I første omgang blir rapporteringa òg brukt til å kartlegge kor stor del av overløpa som er driftsoverløp i regionen. Sidan dette er ei innleiande kartlegging, vil det ikkje bli gitt avvik for eventuelle brot på krava i årets tilbakemelding. Det kan likevel bli aktuelt med strengare oppfølging i neste års rapportering.

Sundre avløpsreinseanlegg

Det er for 2025 rapportert at Sundre avløpsreinseanlegg har motteke og behandla 275 934 m³ avløpsvatn og at og at de ikkje har hatt overløp ved avløpsreinseanlegget. Det er rapportert om mindre avløpsvatn inn til reinseanlegget i 2025 enn det som vart rapportert i 2024. Nedgangen er på 24 %.

Anlegget klarer reinsekravet for fosfor på 93 %, med ei reinseffekt på 96,08 % i 2025. Kommunen overheld og kravet i løyvet om maksimalt utslepp av 265 kg fosfor frå Sundre reinseanlegg. Berekna utslepp (i Altinn) av fosfor frå Sundre reinseanlegg i 2025 er om lag 60 kg.

Anlegget oppfyller vidare kravet til sekundærreinsing. Alle prøvane for BOF₅ og KOF_{CR} oppfyller enten konsentrasjonskravet eller prosentkravet.

Anlegget er dimensjonert til å kunne ta imot 10 500 pe (BOF₅). De har rapportert at den målte maksvekebelastninga i 2025 var 3 833 pe (BOF₅). Etter vår utrekning er maksvekebelastninga for BOF₅, når vi ser på enkeltprøve i maksveka 16.04.2025, også på 3 833 pe (BOF₅). Dette er godt under anlegget si dimensjonerande kapasitet. Kommunen rapporterer at tal for maksveka tilsvara 37 % av anlegget si dimensjonerande kapasitet. Ål kommune merkar vidare at anlegget har fungert bra i 2025, men at overvatn som har lekke inn skapar problem i periodar.

I 2026 har kommunen planlagt å rehabilitere avløpsleidningar i mellom anna: Myrovegen, Ferieparken, Stavevegen, Øvre Ålsvegen og ved Hago.

Tilbakemelding på resipientovervåkingsrapport

Ål kommune skal jf. utsleppsløyvet punkt 13.4 *Overvåking av resipienten*, sørge for at vassmiljøet i Hallingdalselva ved Sundre reinseanlegg blir overvake. Kommunen pliktar innan utgangen av februar



året etter utslippsåret å få samanstilt resultantane frå resipientovervakinga for føregåande år, og få vurdert korleis tilstanden i resipienten er sett i samanheng med lokale og nasjonale vannmiljømål.

Ål kommune opplyser i skjemaet for årsrapportering at det er gjennomført resipientovervaking i rapporteringsåret, og at data er lasta opp i Vannmiljø.

Statsforvaltaren viser til e-post frå Rambøll v/Rune Storli med vedlagt årsrapport for 2025 for resipientovervaking i Hallingdalselva ved Sundre reinseanlegg i Ål kommune.

Rapporten stadfestar at det i 2025 vart gjennomført totalt sju prøvetakingar av resipienten. Det vart i 2023 gjennomført prøvetaking av begroingsalgar, og i tråd med pålegget om overvaking skal det ikkje takast nye prøver før i 2026.

Resultata er lagde inn i Vannmiljø. Vi registrerer at overvakingsdata for 2025 ved Sundre reinseanlegg oppstraums og nedstraums er registrerte av både Rambøll og Eurofins.

Vi minner om at pålegget om resipientovervaking inkluderer parameteren løyst reaktivt ortofosfat på filtrerte prøver (P-ORTO-F). I Vannmiljø har Rambøll lagt inn dataa som ufiltrert fosfat (PO4-P), sjølv om det i rapporten og vedlagde analysar er omtala prøvetaking/analyse av løyst reaktivt ortofosfat. Kommunen fekk same tilbakemelding i fjor, og vi ber om at dette vert følgt opp, og at framtidige prøver vert tekne i tråd med pålegget om resipientovervaking.

Vi minner om at det er kommunen sitt ansvar, i samsvar med gjeldande utsleppsløyve, å sørge for korrekt og fullstendig registrering av data. Riktig datagrunnlag er ein føresetnad for korrekt klassifisering av miljøtilstand etter vassforskrifta.

Metodar og resultat er presenterte på ein oversiktleg måte, og det er gjort vurderingar av tilstand og påverknad. Det er også gjort ei samanlikning med data frå tidlegare år.

Vi tek årsrapporten for resipientovervaking av Hallingdalselva ved Sundre reinseanlegg til etterretning.

Konklusjon

Ål kommune har ikkje avvik frå krav i løyvet eller forureiningsregelverket i rapporteringsåret 2025.

Vi tek med dette eigenkontrollrapporten og årsrapporten til etterretning.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiaren for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:

<https://www.miljodirektoratet.no/skjema/avlop-rapportering/>.

Rapporteringsskjema for 2026 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2027. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvalteren skal leggjast som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering heter «Avløp – årlig rapportering» og finnes i vårt skjemabibliotek:

[Skjema og tjenester | Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus](#).



Egenkontrollrapportens data om årlege utslepp for avløpsrenseanlegg vil bli lagt ut på nettstaden Norske Utslipp i juni 2026. Se <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsanlegg/?SectorID=100>.

Gebyr for saksbehandlinga

Vi gjer merksam på at det vil bli kravd 5 300 kroner i gebyr for saksbehandling av egenkontrollrapporten, med heimel i forureiningsforskrifta § 39-5 *Gebyr for arbeid med egenkontrollrapporter*, som vart tatt inn i forskrifta i 2023. Gebyret er på 5 300 kroner per egenkontrollrapport.

Miljødirektoratet ettersender faktura.

Med helsing

Mabel Katrine Seland Trovum
fagleder
Klima- og miljøvernavdelingen

Irene Tronrud
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent